



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.: 04/2176 SL LCT/KR Vår ref:2006/460

Harøy:30.10.2008

Oversending av K-sak 08/38 Uttale om grense for utskriving av eiendomsskatt i sjøområdet

Viser til brev frå Finansdepartementet av 20.10.08 vedr. høring – Forslag om grense for utskriving av eiendomsskatt i sjøområdet.

Sandøy kommunestyre har i møte 29.10.08, sak 08/38 behandla høringsforslaget. Det vart fatta flg. vedtak:


1. Inntekt frå eiendomsskatt på tiltak utanfor grunnlina ligg til grunn for store investeringar som Sandøy kommune alt har føreteke. Dette saman med lokalsamfunnet sin framtidige vilje til å akseptere ulemper ved tiltak i vårt nære havområde, gjer at kommunen sterkt vil åtvare mot å endre dagens praksis.
Sandøy kommune krev difor at retten til å skrive ut eiendomsskatten ut til territorialgrensa vert oppretthalde.
2. Vert grunnlina sett som grense for utskriving av eiendomsskatt, krev Sandøy kommune å få kompensert tapet igjennom rammeoverføringane.

Vedlagt er utskrift av K-sak 08/83 og 2 stk. oversiktskart.

Er det spørsmål til saka/saksutgreiing, ta kontakt med økonomisjef Idar Harnes.

Dette brevet med vedlegg er og sendt pr. e-post til oppgitt adresse i høringsbrevet.

Med helsing
for Sandøy kommune


Jorunn Finnøy
saksbehandlar